
Fra: Ingvild Kirsti Hjelmtveit
Sendt: 18. mars 2016 13:02
Til: Merete Rosslund Fløysand
Emne: VS: Melding av forfall og spørjetime

Kategorier: Gul kategori

Fra: Øyvind Helland Oddekalv

Sendt: 18. mars 2016 09:33

Til: Anne Grete Eide; Are Nygård; Asbjørn Larsen; Astrid Anne Fjeldstad; Beate Seveline Eknes; Charles Lindberg; Erling Gunnar Rønnestad; Fredrik Seliussen; Henriette Fennelly; Ida Cecilie Langset Alvær; Karina Garnes Reigstad; Kjersti Vikebø Nesse; Leif Johnsen; Mabel Ingeborg Johansen; Marit Samnøy Jøssang; Marthe Aadland; Morten Klementsens; Nils Marton Aadland; Per Kristian Holmetun; Rune Lekven Skår; Sigmund Larsen; Silje Ingelin Sæterstøl; Stian Lavik; Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen; Thomas H. Wallem; Tom Inge Karlsen; Tore Eugen Hansen; Tormod Skurtveit; Torstein Flatøy; Ørjan Evald Kristiansen; Øystein Blom; Øyvind Bratshaug; Øyvind Helland Oddekalv; Åse Nina Sudmann; Åshild Aamli; Stian Lavik (stian@lavik.com); nils.marton.aadland@bufetat.no; sngk@live.no; sigmund.larsen@environor.com

Kopi: Ingvild Kirsti Hjelmtveit; Randi Helene Hilland; sigknu@live.no; Anne-Berit (kokolaas@online.no)

Emne: Melding av forfall og spørjetime

Til medlemmene i kommunestyret og 1. varamedlem

1) *Korleis melde forfall til møte?*

Til orientering vil vi peike på reglane for å *melde forfall* til kommunestyremøta, sidan dette ikkje vart gjennomgått på folkevaldopplæringa. Desse reglane gjeld og for alle andre folkevalde organ, både utvala og dei ulike råda.

I utgangspunktet er det plikt til å møte, med mindre ein har lovleg forfall (jf. reglement for Meland kommunestyre, pkt. 5, sjå lenke nederst i e-posten). Dersom ein har lovleg forfall skal ein fylle ut skjemaet *Forfall til politiske møte* som ein finn på heimesida til kommunen og sende denne til postmottak@meland.kommune.no. Det er sekretariatet som kallar inn varamedlem og oversender sakspapira, dette skal ein ikkje gjere sjølv.

2) *Spørjetime og andre måtar å melde spørsmål til ordførar/kommunestyret* (jf. reglementet pkt. 15)

Kommunestyret har spørjetime for kommunestyremedlemmer, publikum og presse to gonger kvart halvår. Det er ein frist på å melde inn spørsmål til ordføraren seinast 48 timar før møtet. Spørjetimen blir gjennomført før møtet er lovleg sett og spørsmål/svar blir ikkje refererte i møteprotokollen.

Kommunestyremedlemmene har og høve til å sende inn grunngevnne spørsmål (ein kan og nytte interpellasjonar), dette gjeld kvart kommunestyremøte. Desse blir handsama etter dei ordinære sakene på sakslista og vil bli refererte i møteprotokollen. Eg vil oppfordre alle medlemmene i kommunestyret til å nytte desse moglegheitene til å setje fokus på saker ein ønskjer å løfte inn i debatten!

Dersom det er ønskjeleg kan heile reglementet bli gjennomgått på neste kommunestyremøte, då vil vi og få noko opplæring i den nye politikarportalen (Acos Møteportal).

[Reglement for Meland kommunestyre finn du nede til høgre på denne sida.](#)

Eg vil samstundes nytte høvet til å takke alle for at de bidreg til godt samarbeidet i kommunestyret, eg ser allereie fram til neste møte i kommunestyret!
Med dei beste ønskje om ein god påske!

Beste helsing

Øyvind H Oddekalv
ordfører



56 17 10 00 | 56 17 10 25 | Mob: 913 17 450

oyvind.oddekalv@meland.kommune.no | www.meland.kommune.no